

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag (a):

1. «Det vert starta opp eit teknisk/økonomisk forprosjekt for nytt ferjeleie i Leirvik hamnebasseng, Stord kommune.
2. Nytt:
Det vert starta opp eit teknisk/økonomisk forprosjekt forprosjekt for nytt ferjeleie i Kvinnherad for ferjesambandet Stord-Kvinnherad.
3. Som noverande punkt 2 i innstillinga.»

Geir Angeltveit (V) gjorde framlegg om Gustav Bahus som medlem i referansegruppa.

Roald Kvamme (A) gjorde på vegner av A, Sp, Krf og SV framlegg om Synnøve Solbakken som leiar av referansegruppa.

Svein Halleraker trekte forslaget sitt.

Svein Halleraker gjorde framlegg (b) om Stein Inge Ryssdal som medlem i referansegruppa.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Halleraker sitt forslag (b) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster mot 7 røyster (A, V, Frp) for Angeltveit sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det vert starta opp eit teknisk/økonomisk forprosjekt for ferjeleie på Djupavikneset i Stord kommune.
2. Hordaland fylkeskommune oppnemner som leiar Synnøve Solbakken og Stein Inge Ryssdal som medlem til politisk referansegruppe for arbeidet.